

**From:** Gonnie Smit <gonnie@hivolda.no>  
**Sent:** 26. februar 2018 15:15  
**To:** Postmottak  
**Cc:** Ragnhild Paulsen Hamre; Odd Helge Mjellem Tonheim; Arne Myklebust; Oddvar Aalde; Nerissa Morales Solvang; Hilde Kristin Elvestad; Ina Flø Nasset  
**Subject:** 18/00150-1 - Høyring - Nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskulelærerutdanningane 1-7 og 5-10 - svar får Høgskulen i Volda

## Høgskulen i Volda sitt høyringssvar om nasjonal deleksamen i matematikk

Vi viser til høyring om nasjonal deleksamen i matematikk. HVO ser tre moglege løysingar:

- Opp til 5 studiepoeng emne med felle emneplan og felles pensum for heile landet. Desse 5 studiepoenga inngår i emna som institusjonane elles lagar. Eksamen både haust og vår, og opp til institusjonane å velje når dei vil gjennomføre det, men må vere i løpet av fyrste studieår og må vere felles for 1-7 og 5-10. Det vil sei fokus på mellomsteget.
- Ein avsluttande «embetseksamen». Mot slutten av tredje studieår ein eksamen som testar generell matematisk og matematikdidaktisk kompetanse, gjennomført etter at studentane har tatt 30 stp matematikk. Dvs. fokus på Matematikk 1. 0 studiepoeng, men først på vitnemålet.
- Ei diagnostisk prøve i starten, som har som mål å gje institusjonane informasjon om kva dei må legge vekt på i utdanninga vidare.

Dei fem fyrste spørsmåla i høyringsrunda avheng litt av kva av desse 3 punkta som er aktuelle.

### Høyrings spørsmål 1: Tal studiepoeng

Kva tal studiepoeng bør nasjonal deleksamen ha?

Maksimalt 5 studiepoeng

### Høyrings spørsmål 2: Fagleg innhald

Dei same emna som vi hadde før (prosent, brøk og desimaltal), rullering, eller utviding?

Det bør vere det same temaet kvart år, for å sikre ein god kontinuitet i utdanningane. Om ein tenker punkt ein av dei tre alternativa over, så bør ein ha ein felles emneplan for heile dette kurset (5 stp. maksimalt).

### Høyrings spørsmål 3: Separate eksamenar for 1-7 og 5-10 eller felles?

Felles eksamen, med fokus på mellomsteget. Dette for å forenkle innpassinga i modellane, eksamensgjennomføring, sensur med meir. Ja, resultata er annleis for 1-7 og 5-10, men noko anna er jo ikkje å vente, i og med at 5-10 studentane har aktivt valt matematikk, med 1-7 studentane må ha matematikk. Det er uheldig å senke dei faglege krava på grunn av at ein har valt eit anna løp enn andre, når det er stor einigheit om at dette faglege nivået i matematikk/matematikdidaktikk må vere på plass i mellomsteget.

### Høyrings spørsmål 4: Tidspunkt i studiet?

Eit felles tidspunkt alle må tvingast inn i , eller skal institusjonane sjølv få velje?

Lit avhengig av modellen ein vel, men vi tenker det er fornuftig slik det har vore at eksamen vert arrangert både haust og vår, og at kvar institusjon kan velje kva av desse eksamenane som høver for

sine studentar. Om alle skal tvingast inn i eit felles tidspunkt så må alle matematikk-tilbuda på alle campusar som tilbyr GLU tvingast inn i den same modellen, og det er vanskeleg med tanke på at modellane på nokre institusjonar allereie er godkjent av NOKUT.

#### Høyrings spørsmål 5: Organisering saman med lokal eksamen på same dag?

Nei.

#### Høyrings spørsmål 6: Digital eksamen

Ja, i Inspera. Men vi opplever per no at dette ikkje fungerer godt nok for matematikk. Studentane brukar uforholdsmessig mykje tid på å skrive dei matematiske formlane osv. på eksamen, noko som tar fokus vekk i frå å få fram det dei kan. Men om eksamen vert uforma som nasjonale prøver, multiple choice, så kan det vere aktuelt.

Med vennlig hilsen

**Gonnie Smit**

Studiedirektør

Høgskulen i Volda

Tlf. +47 70 07 50 50/ + 47 41 10 10 24